

Grytestranda Friskule SA

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Høyringsuttale vedkomande endringar i privatskulelova

Grytestranda Friskule SA, Grytestranda, 6265 Vatne, vart etablert som Montessoriskule i 2011, dette som ein konsekvens av at Haram kommune vedtok at den kommunale skulen i bygda skulle leggast ned. Entusiasmen for å bevare ein lokal skule har alltid vore stor i bygda, og oppslutninga om skulen i dag syner at den er eit viktig supplement for lokalsamfunnet og dermed ein viktig del av mangfaldet i norsk skule.

Elevtalet vårt er no stabilt på i overkant av 50 elevar. Storparten av elevane kjem frå «eigen» krins samt frå andre krinsar i kommunen og frå ei av nabokommunane.

Elevgrunnlaget ser – så langt vi kjenner til pr. dato – ut til å halde seg slik dei næraste åra.

Likevel finn vi grunn til å reagere sterkt når vi no ser at Kunnskapsdepartementet har ute til høyring framlegg til endring av gjeldande Privatskulelov. Eit av dei viktigaste endringsframlegga er heving av minimumstalet på elevar frå 15 til 30. I praksis betyr dette at dersom ein privatskule får mindre enn 30 elevar 3 år på rad, må privatskulen legge ned drifta.

Dersom det vert vedteke ei slik endring, vil det utvilsamt få konsekvensar også for storleiken på små, offentlege skular rundt om i Noreg. Kommunepolitikarar vil i neste omgang truleg finne argument for kva som er for små offentlege skular og bruke eit auka minstetal på elevar i private skular som faglege argument i nedleggingsdebattar.

For små private skular rundt om i landet kan ein slik elevtalsauke bety kroken på døra.

Det er ikkje slike forslag til endring ein kunne vente seg av Solberg-regjeringa som gjekk til val på mellom anna sterk satsing på skulen!

Grytestranda Friskule SA vil poengtere følgjande i saka:

- I følgje Opplæringslova har alle krav på å få gå på skule i nærmiljøet sitt. Nærmiljøperspektivet må sterkt vektleggast også i framtida.
- I den offentlege skulen har det aldri vore noko elevtalsgrense.
- Fram til 2007 var det heller ikkje noko krav om minstetal på elevar i privatskular.
- Statstilskotet følgjer den enkelte elev uavhengig om eleven går på ein friskule eller ein offentlig skule.
- Fagleg, pedagogisk og sosialt er ikkje små skular dårlegare enn store skular.
- Ei dobling av minstetalet på elevar medfører ei svekking av foreldreretten til å velje skule for barna sine.

Postadresse: Grytestranda, 6265 Vatne.

Telefon: 70 21 28 48/ 915 10 990

E-post: harald.nordang@grytestrandafriskule.no

Org.nr.: 993 892 696

Grytestranda Friskule SA

-Skular i nærmiljøet gir eleven kortare reisetid til og frå skulen og vert rimelegare transportøkonomisk sett.

-Ei endring av minstetalet på elevar må heilt klart kome som ein konsekvens av faglege grunngevingar. Det kan vi ikkje sjå at det gjer her.

Til slutt vil vi poengtere at særleg mange montessoriskular vil bli berørte av ei slik endring. Med sin alternative pedagogikk må det vere nettopp denne type skular privatskulelova må ha som formål å bevare og styrke.

Med bakgrunn i dette ber vi om at det ikkje vert gjennomført ei lovendring som krev eit høgare minste elevtal i den nye friskulelova.

Grytestranda, 6265 Vatne den 13.01.2014

Med helsing
Grytestranda Friskule SA

Harald Nordang

Rektor